

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014

Atle Kvåle, Stein Inge Ryssdal, Torill Selsvold Nyborg og Terje Søviknes gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Bergen-Os Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 53 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 500 mill. kr (2014-kr) som Bergen-Os Bompengeselskap AS tar opp til finansiering av E39 Svevatjørn-Rådal.

Garantiperioden strekkjer seg fram til utgangen av 2038.